

**Fra:** Tore Tveit (Tore.Tveit@hfk.no)  
**Sendt:** 18.03.2016 16:06:58  
**Til:** Opplæringsavdelinga - Postmottak  
**Kopi:** Nils Skavhellen

**Emne:** Prognoseinntak Langhaugen

**Vedlegg:**

**Tilbakemelding på prognoseinntaket for Langhaugen videregående skole:**

- Det står i den innleiande kommentaren: «Det kan bli aktuelt, i samråd med skulen, å justere talet på elevplassar innanfor Vg2 og Vg3 tilboda i studiespesialiserande utdanningsprogram.» Med 30 elevar i kvar klasse vil det vere det maksimale elevtalet Langhaugen kan ta inn på grunn av romkapasiteten. Kapasiteten kan ikkje aukast ytterlegare både på grunn av talet på rom og størrelsen på romma.
- På vg2 og vg3 musikk viser søkjartala 29 eigne/19 andre (vg2) og 30 eigne/12 andre (vg3). Det er i stor grad søkjarar fra Bergen Private Gymnas som kjem under kategorien «andre», og dette skapar svært stor uvisse for våre elevar. Særleg uheldig er det at søkjarar til vg3 ikkje er sikra plass vidare. Dette har bl.a. samband med eit eige inntakssystem for dei private skolane, og at elevar kan starte opp på vg1 på BPG med lågare inntaksgrense enn på Langhaugen for så å søkje seg inn her på vg2 og vg3. I samband med den utfordringa som dei høge søkjartala til private skular representerer, er dette ei problemstilling som ein bør sjå nærare på. Både i Oslo, Akershus og Buskerud har ein funne løysingar som sikrar vidare skolegang for dei som er tekne inn på vg1 og vg2. I dette tilfellet gjeld det eit skoletilbod som er det einaste i regionen innan offentleg skole.
- Vi har også sett på søkjartala til vg2 studiespesialisering. Det er såpass mange som søker seg til samfunnsfag/språk (85 mot 65 på realfag) at vi ønskjer ei fordeling som speglar talet på søkjarar til dei to programområda. På den måten får vi elevar med omtrent same karaktarsnitt på dei to områda.

Vennleg helsing  
Tore Tveit  
rektor